

God jul og godt, nytt år i 2020!



FOTO: Alv Rettdar Dale ©

Gode medlemmar!

Takk for eit hyggeleg 2019 med ulike samkomer i laget. I tillegg til Ringen, som jamt og trutt øver, var osteselskap på Nordfjordhytta og smalahovelag på Sunnfjordhytta mellom dei større hendingane. Det minner oss om at hyttene er tilgjengelege for alle i laget (det hender dei er utleigde til andre).

Nokre av oss var også på Jakob Sandekveld på Kolbotn, og somme fekk sett filmen om Nikolai Astrup på kino (går enno).

På vegner av oss i styret ønskjer eg alle ei **God Jul og vel møtt til eit nytt år** i og med Sogn og Fjordanelaget.

Helsing

Agnar Kvellestad, leiar

Årsmøtet 2020 i Sogn og Fjordanelaget

Årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo 2020 vert **torsdag 13. februar kl. 19.00** på eit møterom i Nordahl Bruns gate 22. Faste saker til handsaming er årsmelding og rekneskap for 2019, medlemspengar for 2021, og planar og budsjett for 2020, val av tillitsfolk og av utsendingar til årsmøta i BLS og i Det Norske Teatret.

Saker som ein vil ha opp på årsmøtet, må meldast til styret i laget **seinast 15.**

januar 2020, anten i e-post til styreleiar-en*, i brev til Sogn og Fjordanelaget i Oslo, Nordahl Bruns gate 22, 0165 Oslo eller i laget sin postkasse i Nordahl Bruns gate 22.

Innkalling med sakspapir vert sendt ut fjorten dagar før årsmøtet.

Styret i Sogn og Fjordanelaget i Oslo v/Agnar Kvellestad (leiar)

* agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no